

Det er dette sak 3 og sak 4 på årsmøtet handlar om: Framtida for Sunnhordlendingen og for Sunnabu. Det kan koma framlegg om å starte prosessen med salg av hytta og ”parkering” av Sunnhordlendingen. Eit vedtak om å gjennomføre dette, må eventuelt takast på eit omframt årsmøte.

Eg har på eige initiativ (og utan kostnad for laget) fått hytta taksert. Det er tale om ei verdivurdering, ikkje ein detaljert salgstakst. Resultatet av verdifastsettinga var kr. 1 050 000,- . Det er behov for oppgradering for eit anseeleg beløp for å få ei hytte som delvis oppfyller ”dagens krav til hyttestandard”. Dei som eventuelt kjøper hytta, må vera klar over at dei får mange problem med på kjøpet, slik det er skissert på dei føregåande sidene.

Hytta har ei gjeld på ca 130 000,- til medlemmer. Av dette er ca 60 000,- gjeld til underteikna. For meg er ikkje storleiken på dette beløpet avgjerande for kva eg syns vi bør gjere med hytta. Primært ønskjer eg å kunne bruke hytta og gjerne vedlikehalde hytta i framtida også. Men då helst ei hytte som er modernisert og der det er økonomi til å foreta meir omfattande vedlikehald.

Litt om drifta av hytta siste året.

Eg har i haust slått saman dei to soveromma i hovedhytta til eit meir hensiktsmessig soverom. Rommet innfor kjøkkenet har dei siste 20 åra stort sett blitt brukt til matbod, så overnattingskapasiteten er i praksis ikkje redusert. Elles er det gjennomført vanleg vedlikehald. Om lag 50 av 90 sekkar ved etter den store vedhogsten, er komne i hus. Det er sett inn to nye vindu i det nye soverommet.

18 medlemmer i Sunnhordlendingen i 2014 (dei som betalte giroane som vart sendt ut i desember 2014):

Mikal Heldal, Britt Karin Hegdal, Atle Jan Røyrvik, Atle Tornes, Anne Britt Tornes, Anne Sofie Totland, Kari Aarbakke, Alf M. Bakke, Kirsti Havikbotn, Lars Olav Tveita, Olav Kvernenes, Jan Steinar Urdshals, Anne Marie Havnelid, Olav Bjørgen, Vegard Havikbotn, Gunnbjørg Skålevik Valved, Ragnhild Hanssen Nedrevåg, Ronny Hanssen Nedrevåg.

Betaling av medlemskontingent for 2015

Sidan alle no brukar nettbank, blir det ikkje sendt ut giroblankettar.

Betaling til **Bygdelaget Sunnhordlendingen** konto nr **0540.08.55937**

kr. 200 pr medlem.

Rekneskap pr. dags dato er vedlagt på eige ark. Revidert rekneskap vil bli lagt ut på web-sida www.sunnhordlendingen.no før årsmøtet.

Sunnavind *God Jul!*

Meldingsblad for Bygdelaget Sunnhordlendingen. Nr. 1 2015
96. årg Nettversjon: <http://sunnhordlendingen.no/sunnavin.htm>

Årsmøte i Bygdelaget Sunnhordlendingen

Torsdag 14. januar

2016 klokka 19.30

Stad: Hjø Kirsti og Lars
Olav, Ravnestølen 178.

Sakliste:

1. Årsmelding for 2015 .
2. Rekneskap for 2015 .
3. Framtida for laget.
4. Framtida for Sunnabu.
5. Val.
6. Eventuelt.



Snørekord? på Sunnabu.

Meld frå til tlf. 90616359 om du kjem på årsmøtet. Følg også med på internettssidene for oppdaterte sakspapir og annan informasjon.

Framtida for Bygdelaget Sunnhordlendingen.

Den 31. Januar 1919 var det skipingsmøte for SØNDHORDLANDSLAGET.

«Vårt lag skulle arbeide for full forståelse mellom byen og innflytterne, at kontakten mellom utflytterne og hjembygden måtte fornyes, samtidig med at laget skulle være en hyggeplass for medlemene» skreiv første formannen i laget, B. Sørffonden. Den 22. mars samme året vart det halde stiftelsesfest.

I 2001 kom det framlegg om at Sunnhordlendingen skulle leggjast ned. Grunn: Dei siste åra hadde ikkje laget fungert slik føremålet var.

Etter 1998 har det ikkje vore andre lags-aktiviteter i Sunnhordlendingen enn årsmøte. I perioden 1994-1996 var einaste lags-aktiviteten lagsskytinga. På denne tida slutta også Sunnabu å fungere som vanleg ”lagshytte” der lagsmedlemer møttes til fest og friluftsliv. Og på grunn av dårleg økonomi i laget og nye krav til vatn og avløp på hytta, kom det altså framlegg om at vi like godt kunne kvitte oss med hytta og leggja ned laget.

På omframt årsmøte 30.08.2001 vart det i staden for nedlegging, gjort vedtak om å be om å få eit lån frå medlemene på inntil kr. 100 000,- for å oppgradere hytta. Laget fekk inn 80 000,- i lånekapital. Med litt ekstra tilskot frå underteikna var det nok til å få installert bad og WC og varmt og kaldt vatn til kjøkken og til oppgradering av elektrisk anlegg.

Når så mange av medlemene gjekk inn for dette, var det tanken at dette skulle føre til ei oppblomstring av lagaktiviteten og bruken av hytta. Diverre har det vist seg at tida har gått i frå oss. Dei fleste bygdelaga i Bergen har no liten eller ingen aktivitet. Foreningshytter er selde eller blir mest brukt til utleige. Ungdomar vil heller til Voss eller Myrkdalen enn til Kvamskogen. Dei vaksne vil helst ha privathytter.

Sunnabu har dei siste 10 åra stort sett blitt brukt av eit par familiar - dei siste 3 åra berre av min familie. I tillegg er det leigt ut til nokre ikkjemedlemer. Kvart år har eg gått ut med sesongprogram med helgar avsett til medlemstreff og intense oppmodingar om å leige og bruke hytta dei resterande helgene. Hytta har internettside med reklame for utleige og hytta har lege ute med annonse på finn.no. Responsen har vore nær null både frå medlemer og andre. Dei utleigene til eksterne som eg har fått til på hytta, har medført mykje ekstraarbeid før og etter utleige. Så lenge hytta fungerte som lagshytte for leikaringen og andre aktive medlemer og deira familiar som var på hytta saman, var det OK å vera ”vaktmeister” og ”bank” som betalte underskotet på drifta. Men når ikkje hytta fungerer slik lengre, kan ikkje drifta halde fram slik på ubestemt tid.

Eg har heile tida prøvd å halde forfallet unna ved å skifte rotne kledningsbord, halde hytta nymåla, leggja oppatt takstein som snøen tar med ned om vinteren og ikkje minst måke taket kvar gong det kjem snø, så tilbygga ikkje knekkar saman. Å drive med vedlikehald utan at det fins eit vedlikehaldsbudsjett å ta pengar frå, er lite tilfredsstillande. Etter kvart ser eg at det er større ting som må til for at hytta skal ”overleva”.

Vestveggen på hovedhytta trur eg ikkje er godt fundamentert. Den sig litt slik at ein golvbjelke (under takbjelken i stova) er i ferd med å koma opp gjennom golvet. Det er nok ramma på hytta som sviktar eller grunnmuren på denne delen som ikkje er så godt fundamentert som resten. Gamlehytta bør få ny kledning og isolerast utanfrå i samme omgang. Særleg kledningen på nordveggen og sørveggen er i dårleg stand og må målast kvart 3.-4. år for at ikkje avskallinga skal

viser. Det er høvla kledning som ikkje held på målinga og det er ikkje lufting bak kledningen. Det kalde loftet har alltid vore ein sjarmerande sovesal, men når det kjem varm, fuktig luft opp frå stova, er det fare for kondens og muggsopp. Vi har ikkje vore plagd av det, men i eitt tilfelle fekk eine barnet til nokre som leigde hytta, astmanfall der oppe. Skifertaket er idyllisk, men krev mykje vedlikehald og bør vel skiftast ut med tak som det er lettare å vedlikehalde. Hovedhytta er også blitt litt salryggja etter mange år med mykje snø.

Gamleheimen står på pålar som sig litt kvart år. Standarden på Gamleheimen er ”svært enkel”. Om nokre år er sikkert dette tilbygget moden for utskifting med eit som er skikkeleg fundamentert..

Tilbygget i andre enden (badet) er ikkje godt nok fundamentert. Det står på to murte pålar. Vi grov oss den gang ned så djupt vi kom med handkraft, og starta muring av pålane der. Det var sikkert ikkje djupt nok. Golvet er no 5-6 cm ute av vater, og det blir verre kvart år. Dersom det kjem overraskande store mengder våt snø, kan i verste fall heile tilbygget riva seg laus frå hovedhytta og knekka saman. Skal denne delen oppgraderast til ”moderne” hyttestandard, må gravemaskin grave ut til skikkeleg grunnmur og det må byggjast nytt tilbygg.

I 2001 fekk laget eit rentefritt lån på 80 000,- frå 11 medlemer. Det var meininga at fri bruk av hytta i lavsesong, skulle vera ”rente” for lånet. Det var også meininga at låna skulle betalast tilbake. I kontrakten som Sunnhordlendingen inngjekk med lånytarane står det også: ”Kvar lånytar har dessutan rett til å seia opp eigne lån med 6 månaders varsel, uansett årsak, tidlegast etter 5 år”. Det er berre kome eitt ønskje om å få innfridd lånet, og det einaste svaret styret kunne gi var at det ikkje fanst pengar til det. Sist laget lånte pengar hjå lagsmedlemene, den gangen for å kjøpe hytta, sette laget si ære i å innfri lånet. Slik bør det vel også vera denne gangen.

Det var nok for optimistisk å tru at laget kunne gå med overskot etter oppgraderinga av hytta, og for å betale låna tilbake innanfor rimeleg tid, måtte vi hatt eit overskot på 20-30 000,- kvart år.

Laget er i realiteten konkurs, og sidan det heller ikkje er nokon lags-aktivitet, bør vi vel starte planlegginga av ei ”styrt avvikling” av laget og eventuelt salg av hytta.

Etter eit eventuelt vedtak om nedlegging av Sunnhordlendingen, skal eiga til laget stå urørt i 20 år. Dersom ikkje laget ”oppstår igjen med same føremål” innan denne tida, skal eiga tilfalle Sunnhordland Sogelag.

Eit alternativ til nedlegging er: Dersom lagshytta blir seld, kan laget halde fram med andre lagsaktiviteter som er i samsvar med føremålsparagrafen - finansiert av den kapitalen som blir frigjort.